

Grindheim og Litledalen Fjellgruppe &
Skarstølen Friluftslag SA
Grindheim
5590 ETNE

NVE-Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Etne 28.10.2016

Grindheim og Litledalen fjellgruppe og Skarstølen Friluftslag SA ønskjer med dette å komme med fråsegn til søknad med konsekvensutgreiing for Løkjelsvatn kraftverk som er lagt ut til høyring.

Erfaringsmessig vil prosjekt av denne størrelsen påverke bruken av fjellet. Skarstølen friluftslag driv næring i området i form av parkeringsplass. Denne drifta kan erfaringsmessig bli påverka i negativ retning då trafikken går ned i anleggstida. Det kan ta tid før trafikkmengden er tilbake til tidlegare nivå. Håpar difor at god dialog og avtaler i forkant av prosjektet kan sikre at dagens drift ikkje vert skadelidande.

Fjellgruppa og Friluftslaget ser positive moglegheiter for å utnytte masser frå tunnelane som skal drivast i området **Skarstølen** (sjå skraverte område på vedlagt kart):

- Beitelaget i området ønskjer massar til å planere eit område nær Hjørnåsvatn som kan nyttast til hegne for samling av beitedyr.
- Utvidelse av stor eksisterande parkeringsplass på Skarstøl mot nord/øst
- Utvidelse mot vest ved liten eksisterande parkeringsplass langs veg på Skarstøl.
- Utbedring av veg frå lukehus ved Grindheimsvatn og inn til Grindheimsstølen.

Ellers håpar me også at tunnelmassar kan nyttast til generell oppgradering av andre vegar i området. Dette vil være positivt for alle som nyttar fjellområdet, både i næring og fritid.

Vegen forbi lukehus på Hjørnås (i retning mot Grindheimsvatn) bør etter vår meining leggjast om slik at større kjøretøy kan passere. Vegen som i dag går bak lukehuset er smal og den har ein skarp sving, den kunne med fordel blitt flytta til framsida av lukehuset. Behovet melder seg i forbindelse med transport av dyr, men dette er sikkert noko SKL også kan ha nytte av i framtida ved drift og vedlikehold av sine anlegg. Dette vil også gi ein sikrare veg for skigåarar og snøscooter på vinterstid sidan det nå legg seg snøfonn mellom lukehus og fjellvegg .

Dersom nytt og større kraftverk medfører raskare endringar i vannstand må det takast hensyn til beitande dyr i området. Raske endringar i vannstand skaper utfordringar med hensyn til inngjerding. Ber om at det gode samarbeidet som har våre til nå blir vidareført også i framtida.

Me forutsetter også at hensyn til fiske i regulerte vatn blir tatt med i prosjektet. Forholda for fisken må vurderast opp mot krav i konsesjonen ved regulering av vatn.

Med vennleg helsing



Grindheim og Litledalen Fjellgruppe
Jon Olav Kringlebotten
Formann



Skarstølen Friluftslag SA
Nils Saltnes
Formann





